

# Songskriving

TID: 60 minutt eller meir

UTSTYR OG FØREBUING: Utstyr for å kunne gjere lydopptak, til dømes taleopptak på læringsbrett. Smarttavle eller liknande for samskriving.



I denne undervisningsaktiviteten er det ein fordel om læraren har musikkkompetanse. Eit alternativ er å samarbeide med musikkpedagog eller musikkterapeut.

I arbeid med songskriving er det ulike måtar å gå fram på. Ein kan starte med tekst, eller med melodi, rytme eller harmoni. Nokre vel også å arbeide med alle eller fleire av desse elementa samstundes og parallelt. Det er særleg arbeidet med melodi, rytme og harmoni, og det å setje det heile saman til ein song, som krev noko musikkkompetanse hjå læraren.

## Felles samtale om songskriving og musikkskaping

Snakk saman om kva songskriving og musikkskaping er, og reflekter saman over korleis ein kan gå fram når ein skal lage ein song. Spørsmål til samtale kan vere:

- Korleis kan vi gå fram når vi skal lage ein song? Er der reglar ein bør følgje?
- Kva bør vere med i ein song? Må ein song alltid ha tekst? Må teksten ha rimord?
- Må ein ha instrument når ein skal lage og framføre ein song?

Fire element som gjerne er med når ein komponerer musikk, er *rytme*, *melodi*, *harmon*i og *form*. Reflekter saman over kva desse omgrepa tyder. Desse fire elementa kan ein arbeide med over tid og i forkant av songskrivinga. Dette kan ein gjere gjennom song, samspel og song- og musikkleik. Når de no skal skrive ein song med utgangspunkt i eventyret om flodhesten, kva kan de tenkje dykk å starte med?

## Arbeid med songtekst

På bakgrunn av innhaldet i eventyret om flodhesten kan elevane kome med forslag til ord som kan vere med i songen. Skriv orda opp på tavla slik at alle kan sjå dei. Songteksten kan byggje på rimord, men treng ikkje nødvendigvis gjere det. Lag deretter nokre setningar med orda. Det kan variere kor mykje støtte og innspel elevane treng frå dei vaksne i denne prosessen.

## Arbeid med melodi, rytme og harmoni

Det kan kanskje opplevast krevjande å arbeide med melodi, rytme og harmoni i heil klasse. Alternativ er å la elevane arbeide saman i mindre grupper, to og to eller individuelt. Læraren kan hjelpe elevane i gang ved å kome med forslag til melodilinjer eller harmonisering. Dette gir elevane noko å ta utgangspunkt i og spinne vidare på. Elevane kan også lage ny tekst over ein kjend melodi. Det kan vere lurt å gjere lydopptak av songane i tillegg til å notere ned teksten. Slik gløymer de ikkje korleis melodiane går.